



Dei trivs betre i Uskedalen enn i Rosendal!

Det har ikkje vore noko stort innrykk av langvegsfarande båt-turistar til no i denne sesongen, men ved siden av Storm lengst ute ligg ein båt som pirrar interessa vår.

**Det er Regina III frå Tjøme i Vestfold og ombord sit May-Sylvi og Knut Magne Hansen og er gjestfriheiten sjølv. Deira svar på kvifor dei er i Uskedalen er klart nok:
- Vi likar oss betre her enn til dømes i Rosendal, for her er det fredelegare.**

Paret har vore mange gongar hos oss og er i det heile svært svake for Vestlandet. Men dei held seg ikkje berre innanfor landet med båten sin, dei siste åra har dei vore til Tyskland, Danmark og Sverige og i år vert det kanskje ein sving innom Danmark før heimturen. Men det er ikkje så fårleg med planleggjinga berre dei veit kvar dei har vore! Dei plar å vera på kjøll 3 månadar kvar sommar.

Så har dei då også ein flott båt som sikkert er god nok til ei ferd både hit og dit. Paret vart båtfolk i 1984 og båten kjøpte dei i USA i 2007. Det er ein Nordhavn 46 som vart bygd i 1999. Med andre ord er båten 2 år eldre enn bikkja som ligg lydig ved beina våre, for Pascal som er ein Shetland Sheepdog er født i 2001.

Knut Magne eig og driv produksjon av navigasjonsutstyr på Tjøme men no skal junior ta over og staben vert trappa ned frå 7 til 4. Det har vore og er ein solid familiebedrift.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

-



Regina 111 er ein solid båt